

Saksnr: 2019/37-1  
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.11.2019
Fylkesutvalet		13.11.2019

**Ny forskrift for Regionale forskingsfond - Høyningsuttale**

**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovudlinene i utkast til forskrift for Regionale forskingsfond
2. Vestland fylkeskommune ber om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfonda skal skje i samråd mellom Forskningsrådet og fylkeskommunane.

**Samandrag**

Frå 2020 vert ordninga med regionale forskingsfond endra slik at kvart fylke vert ein fondsregion. Rogaland har tidligare vore saman med Hordaland og Sogn og Fjordane i eit felles forskingsfond med gode resultat. I samband med endringa har Kunnskapsdepartementet sendt utkast til forskrift for regionale forskingsfond på høyring med uttalefrist 12. november 2019. Forskrifta skal erstatte dagens retningsliner, som har vore gjeldande sidan ordninga med regionale forskingsfond vart etablert i 2010. Utkastet til forskrift er utarbeida i dialog med fylkeskommunane, og er i hovudsak ei vidareføring av både føremål og innretting av ordninga. Fylkeskommunane får større fridom til å organisere fondsarbeidet. Det viktige samarbeide med Noregs forskingsråd skal vidareførast. I teksten til forskriften er det behov for å presisere dette samarbeidet noko.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Bård Sandal  
påtroppande fylkesdirektør for  
Innovasjon og næringsutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

Vedlegg  
1 Brev frå KD med utkast til forskrift for RFF

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Om viktige sider og resultat av arbeidet med regionalt forskingsfond

Dei regionale forskingsfonda har vore verksame sidan 2010. Ordninga er på mange måtar eit ektefødt barn av regionreforma for 10 år sidan. Stortinget ønska å fylle på i den regionale verktøykassa. Målet var mellom anna å styrke forsking for regional innovasjon og regional utvikling, finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionane sine prioriterte innsatsområde og å mobilisere fleire aktørar til å nytte forsking i sitt innovasjonsarbeide.

I framlegget til Statsbudsjettet 2020 er det foreslått å løyve 189 millionar kroner til dei 11 regionale forskingsfonda. Vel 18 millionar kroner fer foreslått til Regionalt forskingsfond Vestland.

Sidan starten i 2010 er det løyvt over 1,5 milliardar kroner i støtte frå fonda. Næringslivet er den største mottakaren av støtte, med nesten halvparten av tildelte midlar i perioden. Men det er også verdt å merke seg at prosjekt innan offentlig sektor har motteke ein vesentlig del av midlane. Dei regionale fonda var tidleg ute med å lyse ut midlar til innovasjonsprosjekt i offentleg sektor.

I perioden 2010 – 2019 har dei tre fylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane vore saman om eit Regionalt forskingsfond Vestlandet. Også her på Vestlandet handlar det om relativt store summar.

Berre i perioden frå 2016 til no i 2019 er det motteke 520 søknader om prosjektstøtte. Desse fordeler seg med 350 søknader om regional kvalifiseringsstøtte, ei forprosjektdeling, og 174 søknader om hovudprosjekt. Dette er regionale innovasjonsprosjekt hovudsakleg i bedrift eller kommune. Samla er det løyvt 180 millionar kroner i støtte til 183 prosjekt over desse fire åra.

Tilbakemelding frå mottakarane har vore gode.

- 60 % av dei som har gjennomført eit kvalifiseringsprosjekt har søkt midlar til eit større FoU-prosjekt, og 75 % av desse fekk tilsegn på søknaden. Fleire andre vurderte å søkje seinare.
- Heile 60 prosent av dei som har gjennomført forskingsprosjekt med støtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet meiner prosjekta i stor eller avgjerande grad har medverka positivt til utviklinga av deira bedrift eller kommune.
- 26 norske forskingsinstitusjonar har vore involvert i ein eller fleire av søknadene, i tillegg til 4 utanlandske.

#### Forskrift skal erstatte dagens retningsliner

Grunnrekket i framlegget til forskrift er ei vidareføring av viktigaste sider ved dagens ordning. I tillegg har departementet lagt vekt på å korte ned og gjøre forskrifa noko enklare enn kva gjeldande retningsliner er. Til sist har departementet lagt vekt på at forskrifa berre skal leggje føringar ovanfor dei fylkeskommunane der det er naudsynt for å sikre hovudmål som t.d. naudsynt kvalitet og bruk av felles system i samarbeid mellom fonda og Forskningsrådet.

Både sekretariatet for dei 7 noverande regionale forskingsfonda samt regionalsjefkollegiet har vore konsultert underveis i arbeidet med utkastet til forskrift.

Dei innspel som er gitt underveis synes i all hovudsak å blitt lytta til fram mot det skriftelege utkastet. Slik sett har Kunnskapsdepartementet følgt dei overordna føringane til grunn for utkastet til forskrift:

- «Fylkeskommunenes rolle som samfunnsutvikler styrkes gjennom regionreformen. Ulik politisk og administrativ organisering i fylkeskommunene gir behov for at fylkeskommunene skal ha rom for å velge ulike løsninger for forvaltning av fondsmidlene. Den enkelte fylkeskommune velger selv modell for sin styring og forvaltning av tilskuddsordningen for regionale forskningsfond, innenfor de overordnede rammer som er fastsatt i denne forskriften.
- Det er sentralt at forskningskvaliteten ivaretas i alle ledd fra utlysning til tildeling av forskningsmidler. Norges forskningsråd skal fortsatt ha en viktig rolle som kvalitetssikrer i søkeradsbehandlinga og bidra med administrativ støtte til fylkeskommunene.

- Forskriften skal forenkles og forkortes sammenliknet med dagens retningslinjer, og det legges opp til standardiserte og felles prosedyrer. Fylkeskommunene og Norges forskningsråd skal inngå én felles avtale om Forskningsrådets bistand til forvaltningen av tilskuddsordningen. Det er ikke effektivt at Forskningsrådet skal forvalte 11 ulike samarbeidsavtaler med fylkeskommunene».

Det er elles viktig at forskrifter regulerer samarbeidet mellom dei nye fondsregionane og Forskningsrådet, og at Forskningsrådet held fram i rolla som klageorgan på vegne av Kunnskapsdepartementet. Forskningsrådet har den naudsynte kompetansen til ei slik oppgåve, og erfaringane med deira arbeid her er gode. Det er også positivt at ein kan nytte inntil 10 % av tilskotsmidlane til administrasjonen av fondet. Slik administrasjon inneber mykje ekstern kontakt og rettleiing av søkerar, og er ein føresetnad for at sekretariatet kan yte den service og nære kontakt med søkerar og prosjekt, som fleire av desse har uttrykka at dei ønskjer meir av.

Ei auka ramme til administrasjon er nok viktigast for dei mindre fonda, som til liks med alle fonda vil måtet ta hand om ein del større driftsoppgåver. Ein skal likevel merke seg at 10 % er ei øvre ramme.

#### Fastsetting av indikatorar for mål og resultat

På eitt punkt er det likevel ønskjeleg med ei endring av teksten i forskriftera.

Det heiter i høyringsnotatet til forskrift at:

Departementet har i forskriften føyd til at Forskningsrådet skal fastsette indikatorer for måloppnåelse, basert på formålet med tilskuddsordningen, jf. § 2. Forskningsrådet har allerede utarbeidet slike indikatorer, og departementet mener det er hensiktsmessig at kravet om måleindikatorer fastsettes i denne forskriften.

Departementet burde her ha opna for at fastsetting av indikator for måloppnåing skal skje i samråd med fylkeskommunane. Sjølv om teksten viser til måloppnåing knytt til føremålet med tilskotsordninga, vil det også vere regionale mål som skal møtast. Indikatorar for desse skal ikkje verte fastsett av Forskningsrådet.

#### **Vedtakskompetanse**

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

Fylkesutvalet.

#### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi: Ingen direkte verknad.** Ordninga med regionale forskingsfond er finansiert med øyremerka overføring frå Kunnskapsdepartementet.

**Klima:** RFF Vestlandet har over fleire år støtta forskingsprosjekt med sikte på ei meir berekraftig utvikling av privat og offentleg sektor.

**Folkehelse:** Regionale forskingsfond er ein viktig kjelde til finansiering av forsking innan dei kommunale og fylkeskommunale ansvarsområda, mellom annan innan folkehelse.

**Regional planstrategi:** Den politiske bestillinga og handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestlandet har vore forankra i regional planstrategi. Slik er det venta å vere også frametter.

#### **Konklusjon**

Kunnskapsdepartementet har i all hovudsak fremja eit utkast til forskrift for dei regionale forskingsfondene som er godt. Vestland fylkeskommune bør derfor slutte seg til hovudlinene i utkastet til forskriften. Vestland fylkeskommune bør vidare be om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfondene skal skje i samråd mellom Forskningsrådet og fylkeskommunane.